



REIN GLEDE

ÅRSMELDING I.L.SOLID – HANDBALLGRUPPA 2020

Styret i handballgruppa har i 2020 vore samansett slik:

Leiar: Alfred Litlabø
Nestleiar: Anette S. Salomonsen
Kasserar: Anne Ottesen

Utanom årsmøtet har styret hatt 3 møter i 2020.

I 2020 har handballgruppa hatt 3 instruktørar som har hatt ansvar for treningane i løpet av vår- og haustsesongen. Grunna Covid-19 vart dette eit rart år med lite aktivitet, men laga har fått gjennomført treningar tidleg på året og på hausten.

Treningsgruppa og treningstider:

Stabilt medlemstal frå nyttår og fram til ny sesong. Førsteklasselaget som vart starta i fjor måtte leggest ned då ein stod utan trenar. Ved sesongstart 2020/2021 skipa me nytt lag – der første- og andreklassingane vart invitert. Dette er eit mikslag, som ved utgangen av 2020 bestod av 22 medlemmer. Det nye laget trenar ved Sagvåg skule på måndagar frå klokka 1630-1730, og har to trenarar.

Gutane

Anette Salomonsen og Lise Klementsens er trenar/oppmann for gutane, som fekk treningstid frå 1730-1900 på tysdagar ved oppstart av ny sesong. Ved utgangen av 2020 var det 7 gutar på laget.

Jentene

Alfred Litlabø har hatt ansvar for jentene, som har hatt treningstid frå 1700-1830. Laget har 15 medlemmar.

Endringa i medlemstalet er fordelt slik:

	2019:	2020:
0 - 5 år:	0 jenter og 0 gutar	0 jenter og 0 gutar
6 – 12 år:	17 jenter og 8 gutar	32 jenter og 14 gutar
12 og eldre:	4 damer og 1 mann (inkl styret)	5 damer og 1 mann



REIN GLEDE

Arrangement:

Handballfestival

Begge laga var påmeldt handballfestivalen, men grunna Covid-19 vart dette avlyst. Me håpar at laga igjen kan få delta i 2021.

Økonomi:

Handballgruppa har hatt store utgifter knytt til deltaking i minihandball i 2020.

Dette grunna at me frå 2020 var ferdig med «friperioden» som nyoppstarta klubb, og frå hausten 2019 starta å betale diverse kontingentar til NHF.

Samstundes vart eine rekninga frå 2019 betalt i 2020.

Tilskot/gåver enda på kr 0.

Handballfestival vart kr 0 då arrangementet vart avlyst.

Det store avviket mellom budsjett 2020 og rekneskap 2020 skuldast i hovudsak auking i pris på minihandball og manglande tilskot/gåve frå SPV.

Ut frå rekneskap frå 2020 ser me at det må takast grep for å få inn meir til å dekkje utgifter til handballfestival og minihandball. Forslag her blir loddsal ol., og søknadar om tilskot/gåver. Det vil i tillegg bli ein eigenandel i samband med deltaking på handballfestivalen.

Me har framleis pengar til gode på Sport1 etter stønaden me fekk frå SR-bank. Desse kjem me til å nytta dei komande sesongane på både utstyr og klede.

Kontingent:

Kontingentsatsen har i 2020 vore slik:

Vår: kr 500- for heile året

Kurstilbud til instruktørane:

Ingen planar.

Kompensasjon for instruktørane:

Trenarane jobbar på dugnad.



REIN GLEDE

Medlemsutvikling:

Handballgruppa ynskjer å halda medlemstalet på dagens nivå, gjerne med eit lite auke, og ved oppstart ny sesong ynskjer me ei auke i så stor grad at det går an å starta nye lag for dei nye førsteklasingane.

Stord, 25.01.2020

Anne T. Ottesen